



**VESTNES KOMMUNE**  
**Sentraladministrasjonen**

Riksantikvaren  
Postboks 8196 DEP  
0034 Oslo

Dato	Dykkar ref.	Vår ref.	Saksnr.	Saksbehandlar / Tlf
05.08.2009	07/02654-9	8799/2009	2008/762	Jan Rune Jacobsen 71 18 40 47

**Ny søknad om midlar til særskilt granskning av automatisk freda kulturminne -  
Reguleringsplan - Gang- og Sykkelveg Helset**

På vegne av initiativtakarane og med bakgrunn i presisering frå Daugstad Vel (Vedlegg 1) og at første søknad (vedlegg 5) med påfølgjande avslag (vedlegg 2) var basert på feil føresetnader, søker Vestnes kommune på nytt om dekning av utgifter til pålagte arkeologiske arbeider i samband med realisering av 235 meter gang- og sykkelveg langs E136 på Helset i Vestnes kommune.

Adm.sjefen stadfester med dette at korrekte føresetnader er følgjande:

1. Den aktuelle strekninga omfattar berre deler av den regulerte strekninga og utgjer ca 235 meter mellom avkjørslane til gnr 1 bnr 3 og gnr 1 bnr 1 m.fl. Arbeidet er planlagt utført og kosta av dei private tiltakshavarane/grunneigarane. (Heile reguleringsplanen omfattar ca 900 m gang- sykkelveg og ved ein inkurie vart dessverre kostnaden for heile strekninga lagt til grunn for den første søknaden.)
2. Reguleringsplanen kom i stand etter privat ønske om bygging av denne delstrekninga. Det var vegvesenet som sette krav om reguleringsplan for å tillate slik bygging. Vidare sette vegvesenet som vilkår at reguleringsplanen måtte omfatte ei lengre strekning enn initiativtakarane hadde ambisjonar om å realisere. Vestnes kommune sin innsats har bestått i å produsere og etter kvart vedta slik reguleringsplan (vedtatt i kommunestyret 29.05.08). Sidan gangvegen ligg langs E 136 (Statleg ansvar) har Vestnes kommune verken budsjettert eller på annan måte prioritert midlar til dette prosjektet, men støttar opp om det private initiativet mellom anna ved at tiltaket er omtalt som eit behov i Trafikktrykingsplanen for Vestnes kommune.
3. Med bakgrunn i tidlegare kostnadsoverslag for heile strekninga, reknar vi med at 235 m kan byggast for kr. 400 000.- + dei arkeologiske utgiftene berekna til om lag kr. 150 000.- Med dugnadsinnsats frå grunneigarane, reknar vi i praksis med ein lavare sum. Uansett vil utgiftene til arkeologi utgjere 150 000.- av 550 000.-, eller om lag 27 %. Dette kjem såleis inn under vurderinga "urimeleg tyngande" for mindre private tiltakshavarar.

Adm.sjefen viser elles til uttale frå Møre og Romsdal Fylke ved forrige søknad, der dei vurderte tiltaket som samfunnsøkonomisk godt, fremmande for god helse/mosjonering og trafikktryggleik.

---

<b>Postadresse:</b> Rådhuset 6390 Vestnes <a href="http://www.vestnes.kommune.no">www.vestnes.kommune.no</a>	<b>Telefon:</b> 71 18 40 00	<b>Telefaks:</b> 71 18 40 01	<b>Org.nr.</b> 939 901 965
---	--------------------------------	---------------------------------	-------------------------------

**E-post:** [postmottak@vestnes.kommune.no](mailto:postmottak@vestnes.kommune.no)

Riksantikvaren la sjølv vekt på tiltaket sine store, positive samfunnsmessige konsekvensar og at dei påviste kulturminna var relativt få og av slik karakter at vern ikkje kan forsvarast. Sjølv om desse uttalane truleg var meint om heile den regulerte strekninga på 900m, reknar vi med at dei gjeld også for delstrekninga på 235 m. Det private initiativet er ein indikasjon på at det er nettopp denne delstrekninga blir oppfatta som farlegast.

På vegne av initiativtakarane og Vestnes kommune ber såleis adm.sjefen om at Riksantikvaren vurderer saka på nytt og finn ei løysing som kan bidra til at denne viktige gangvegen vert bygd.

Med helsing

  
Tone Roaldsnes  
administrasjonssjef

  
Jan Rune Jacobsen  
planleggar

Vedlegg:

- 1 Vedkomande framdrift - reguleringsplan - gang- og sykkelveg Helset
- 2 Avslag på søknad om støtte til dekning av kostnader til arkeologiske utgravingar på Helset
- 3 Orientering om vidare arbeid - angående Gang-og sykkelveg Helset
- 4 Reguleringsplan - Gang-og Sykkelveg Helset - vedk. søknad om midlar til særskilt gransking av automatisk freda kulturminne - melding om saksbehandlingstid
- 5 Søknad om midlar til særskilt gransking av automatisk freda kulturminne - Reguleringsplan - Gang-og Sykkelveg Helset
- 6 Reguleringsplan - Gang-og Sykkelveg Helset - Vedtak om utgifter til særskilt gransking av automatisk freda kulturminne
- 7 Kartutsnitt aktuell strekning for privat utbygging av gang- og sykkelveg på Helset

Kopi til:

Daugstad Vel v/Jørn Inge Løvik	Daugstad	6392	VIKEBUKT
Møre og Romsdal Fylke	Fylkeshuset	6404	Molde
Odd Inge Vikås		6392	Vikebukt
Steinar Helset		6392	Vikebukt